



Andrea Rice (gitar, harpe) og dottera Aoife Dubbin (fiolin og tromme).

Den vakre balladen Dublin in my tears sette standard for konserten med irske songar og tonar på Dønhaug med Andrea Rice Band. Med fire sett og korte pausar fekk alle mykje valuta for pengane. Familien med Andrea Rice, Aoife og Fee Dobbin er alltid like populære og etterspurde med sine konsertar i Noreg. Turen går vidare til Glesvær i kveld før kysten står for tur og så innlandet.

Uskedalen.no har vald å dekkja kvelden på Dønhaug med to innlegg, - fyrst om familien Rice og hennar folkemusikk og balladar og så om songen Fields of Athenry framført av Svein Rimestad i samsong med bandet og som allsong i den nynorske omsetjinga Åsane kring Athenry.



[Mannen Fee Dubbin med hatten på dobbel bass, el bass og kontrabass, og artige kommentarar til Andrea sine presentasjonar.](#)
Det er 12. gongen Andreas Rice gjestar Dønhaug med sine framføringar. Dotter deira, Aoife, var lita jente fyrste gongen. No er ho 18 år, musikkstudent i byen Co. Dolly City og alt ein dyktig fiolinspelar. Det som imponerer med denne gruppa er populariteten over lang tid. Andrea har ei klokkerein stemme og legg inn songar med bakgrunn sterke historiske eller familiære hendingar. Alt vert framført med eleganse og respekt for dei nære relasjonane bak tekstane.



Familien Andrea Rice har lagt sin elsk på Dønhaug og vertskapet Anne Berit og Magne Huglen.

Tekstane er henta frå den irske folketradisjonen og frå viktige historiske hendingar i landet. Det kan vera frå krig, uro, emigrasjon, heimlengt, tap av nære vener eller frå den store hungersnauða på 1800 talet. Mykje er tradisjonll irsk pubmusikk og reals der nokre av gjestene kasta seg utpå golvet og synte sine kunster. Mange av tekstane er kjende i Noreg, slik som Molley Melone og Danny Boy, og alle vert oppmoda om å syngja med på refenget.

Vertskapet Anne Berit og Magne Huglen var nøgde og takka Andrea Rice for at Dønhaug var ein del av reiseruta i Noreg. Gjestene frå inn og utland i den fullsette Dønhaugkjedlaren storkoste seg. Det var lite av høgt snakk og støy i bakgrunnen. Andrea Rice har solid erfaring for korleis ho skal framføra tekstane og fletta det saman med lette og ledige kommentarar. Heile regien gjer at publikum skjønar at ein er komen på konsert i ein gardspub der musikken er det som samlar.

Vi gler oss - eit år fram og ny irsk kveld med Andrea Rice Band frå byen Co. Down.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Marit Espeland/Kristian Bringedal



Det var ein innertiar for Magne Huglen med tilskipinga på Dønhaug i går.